

Senter for fysisk aktiv læring (SEFAL) søker barne- og ungdomsskular som vil arbeide saman med SEFAL for å utvikle fysisk aktiv læring som eit metodeval i skulen.

SEFAL er ei nasjonal satsing der alle skular i Noreg er velkomne til å melde si interesse for samarbeid.

Vi ynskjer å samarbeide med 20 skular i 2019-20 og 30 skular i 2020/21.

SEFAL er støtta av Gjensidigestiftelsen og er etablert ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. SEFAL driv skulebasert kompetanseutvikling i partnerskap med skular for å utvikle kompetanse, verktøy og utstyr for fysisk aktiv læring (FAL).

For skuleåret 2019/20 søker vi etter 10 skular frå eit avgrensa geografisk område i Noreg og 10 andre skular frå eit anna geografisk område. Vi ber difor om at skular frå ein eller fleire nærliggande kommunar går saman om ein søknad for å bli vår samarbeidspartnarar. Det same gjeld for skuleåret 2020/21, då vil vi samarbeide med tre geografisk avgrensa områder (10 skular i kvart geografisk område).



KVA ER MÅLET MED SAMARBEIDET?

SEFAL og skulane skal saman vidareutvikle FAL som eit kvalitetssikra metodeval som kan nyttast i alle fag – og bidra til at elevar kan få meir aktiv, praktisk retta og variert undervisning.

KVA FÅR DIN SKULE UT AV EIT PARTNARSKAP MED SEFAL?

- *Deltaking i praksisnær kompetanseheving, der ca. 10 lærarar på skulen tileignar seg kompetanse i FAL med utgangspunkt i praksis på eigen skule*
- *FAL-utdanning for dei 10 same lærarar gjennom SEFAL sitt nettbaserte kollegabaserte kompetansehevingstiltak (15 studiepoeng på masternivå)*
- *FAL utstyrsbakke*
- *Besøk frå SEFAL før oppstart der vi saman lagar ein partnerskapsavtale for skulen*
- *Besøk frå SEFAL ved oppstart der vi gjennomfører forankringsopplegg for skulen (lærarar, foreldre)*
- *Besøk frå SEFAL undervegs i opplegget for rettleiing og støtte*
- *Tett samarbeid med SEFAL og tilgang til den nyaste kunnskapen og metodane i FAL, samt tett oppfølging frå SEFAL kring FAL-spørsmål i skulekvardagen*
- *Nettverk med andre FAL-skular*

KVA KREV DETTE AV DIN SKULE?

- *Vere villig til å inngå i eit partnerskap der skulen og SEFAL utviklar kvarandre*
- *Prioritere FAL som eit utviklingsarbeid over fleire år*
- *Legge til rette for at ca. 10 lærarar får gjennomført ei nettbasert utdanning*
- *Legge til rette for at SEFAL kan gjennomføre evaluering på din skule for å vidareutvikle FAL*
- *Vere villig til å samarbeide med andre skular i kommunen og/eller i nærliggande kommunar*

KVA ER KRITERIA FOR Å SØKE?

Vi vil rekruttere utifrå dei fem punkta under overskrifta «Kva krev dette av din skule». I tillegg ynskjer vi at både by og distrikt skal vere representerte både i 2019/20 og 2020/21. Vidare, i det nettbaserte kompetansehevingstiltaket er det forventa at skulane prioriterer nokre klassetrinn, der alle lærarane på trinna som deltek på kompetansehevingstiltaket, samarbeider og hjelper kvarandre i team. Til slutt, din skule må samarbeide med andre skular i kommunen eller nærliggande kommunar og gå saman om ein søknad for å bli vår samarbeidspartnar.

KORLEIS SØKE?

For meir informasjon, send gjerne ein e-post til leiar for SEFAL, professor Geir Kåre Resaland (geirkr@hvl.no). Vi i SEFAL gler oss til å arbeide i partnerskap med akkurat din skule! Ved spørsmål ta gjerne kontakt på e-post. **Gjer vel og søk innan 21. januar 2019.**

